



Liv Vollane – fjellets dronning

Anne Haugen Wagn

Dette er historia om ei uvanleg tøff og hardfør kvinne. Ho heitte Liv Vollane og budde saman med dei små borna sine i ei steinbu ved elva Kvenna på Hardangervidda. Ho levde frå 1767 til 1857 – blei altså 90 år. Det var ikkje så vanleg på den tida.

På 1700-talet auka folketalet i Noreg, og folk tok til å busetje seg i område som lenge hadde lege aude. På sjølve Hardangervidda hadde det ikkje budd folk sidan før Svartedauden. Store delar av fjellet her var ein slags statsallmenning – «Kongens Alminding» – der folk frå bygdene i kring hadde ein fyrsterett til jakt, fiske og beite. På slutten av 1700-talet blei det skilt ut store område av allmenningen som etter kvart blei sjølvstendige eigedomar. Ein av desse var Vollane, som i fyrste omgang blei bygsla bort (leigd ut).

I 1801 er det folketeljing i Noreg. Då bur Liv og Tov Torsteinson på denne fjelleigedomen ei snau mils veg vest frå Mogen, inst ved Møsvatn. Dei har borna Birgit og Torstein, tre og eitt år gamle. Og der bur fleire på Vollane: Ole og Thora, eit ektepar med born på ti og fem år, og dessutan mor av Thora og ei eldre dotter. Desse seks blir registrert som omreisande betlarar (tiggjarar) som ikkje har fast opphald på Vollane.

I 1802 blir Aslaug fødd, og i 1804 kjem Anne til verda. Ho dør same året, og ei ny jente kjem til verda i 1806. Ho får òg namnet Anne. Same året dør ektemannen Tov, 68 år gamal. Det er ein aldersskilnad på 29 år mellom Liv og Tov, så det er ei ung enke som skal greie å skaffe mat til fire born i steinbua langt inne i Kvennadalen på Hardangervidda.

Ei soge lyder slik: Dei rødde (snakka) om ein vinter dei kalla Volle-veten. Då var det ende før dei sette livet til på Vollane. Det var ein fæl og kald snøvinter. Tov døydde, og Liv måtte heim til bygda etter folk. Tov låg på likstrå i forstoga. Dei sa jamvel at jerven kom og grov på døra og ville inn, udyret kjende teven av liket...

Sonen Torstein dør som liten, og dottera Anne dør i 1823, 17 år gamal. Av dei to døtrene som lever vidare, er det berre Birgit som får barn – ei dotter som heiter Anne og kom til i 1830. Ho blir gift med Knut Aasvaldson, og dei buset seg på Rauland. Av dei sju borna dei får, er det tre som emigrerer til Amerika: Aslak, Tov og Tone. No hadde folketalet auka endå meir i Noreg, og for mange blei høvet til å reise til Amerika ein måte å koma seg ut av fattigdommen på.

Kva levde Liv og familien av på denne garden langt inne i høgfjellet? Det var jakt og fiske; rein og aure var det mykje av. Dei dyrka neper, men korndyrking var umogleg. På garden Argehovd ved Mogen dyrka dei jordeple (poteter) alt i 1790, men der var det mindre fare for frost enn på Vollane. Så var der litt husdyrhald. I eit dokument står det at enka Liv har ei ku som ho kallar «Fæeboth» (dansk for Febot) og to vaksne sauer.

Men det som skaffa kontantar var utleige av beite. På denne tida var dei fleste i bygdene kring Hardangervidda bønder, og mange hadde store krøtterflokkar. Om sommaren blei innmarka i bygdene bruka til åker og grasdyrking, så buskapane blei sende på beite i heiene og fjellet. Dei som ikkje hadde nok beite sjølve, måtte leige. På det viset fekk Liv inntekter.

Elles var det mykje ferdsle i fjellet i gamle dagar. Når folk skulle koma seg frå aust til vest, laut dei fara fjellvegane. På Hardangervidda følgde transporten av folk og varer eldgamle *sleper*, som framleis er i bruk.

Liv og borna hennar greidde seg truleg godt i fjellet. Sjølv fiska og jakta ho – det blir sagt at ho jamvel skaut ein ulv. Så slo ho gras og sette høystakkar, og drog høyet heim på skaren om vinteren. Men ho trong hjelp. Det er sagt at ho leigde tenestegutar, og at ein av desse blei den nye ektemannen hennar i 1812. Mannen var Olav Tallivson, som visstnok kom frå Numedal.



Det blei strid om eigedomsretten til Vollane. Det var Tov, den fyrste mannen til Liv, som bygsla eigedomen av staten. Då han gjekk bort i 1806, skulle Liv etter lova kunne bu på og bruke Vollane så lenge ho var enke. Men fordi Liv gifta seg om att, tok statlege styresmakter etter kvart initiativ til å selje eigedomen. Det blir ein lang prosess med auksjonar og rettssak, men Liv nektar å gje frå seg retten til Vollane og vil ikkje flytte frå heimen sin. Olav Talleivson gjekk bort i 1832, så Liv Vollane måtte kjempe den ulike kampen mot staten heilt åleine. Tradisjonen har teke vare på ei historie om at ho tok vegen heilt til Atrå i Tinn vinteren 1837/38 for å rådføre seg med lensmann Hans Anfindsen. 70 år gamal gjekk ho på ski frå Vollane til Atrå på dagen – i luftline er det fem mil, men i terrenget minst seks!

Rettssaka blei avgjort med ein dom som fall i desember 1844. Det var Liv som vann over staten: ho fekk sitje på Vollane så lenge ho levde. Ingen kunne jaga henne frå garden.

Liv Vollane døydd 4. mars 1857, 90 år gammal. Ho er døme på ei kvinne frå Telemark som levde under uvanleg tøffe kår. Ho hadde styrken, viljen og motet som skulle til for å livnære seg høgt til fjells, og ikkje minst hadde ho mot til å stå opp mot staten for å halde på eigedomen og heimen sin.

Og ho vann faktisk saka si, mot alle odds. Såleis viser historia òg at Noreg alt på 1800-talet hadde eit rettssystem som var ubunde av styresmaktene, og i stand til å verne om rettane og interessene til småkårsfolk.

Kjelder:

Johan Vaa, *Langs Kvenna*, Telemark historielag 2009

Notat av Inger Johanne Bakka

Folketalet auka i Noreg på 1700-talet. Rikard Berge nemner i bygdeboka *Vinje og Rauland* at det var 750 innbyggjarar i Vinje i 1660. I 1767 var det 1769 innbyggjarar, og i 1825 så mange som 2200. Det er ei tredobling på halvtanna hundreår. Dette førte til at unyttta ressursar blei tekne i bruk, og mykje av Møsstrond, som hadde lege øyde sidan Svartedauden, blei busett på nytt.

Historia om Liv Vollane er òg omtala av Vera Henriksen i artikkelen «Vidda og mennesket», i *Hardangervidda*, Grøndahl & Søn, 1979



22.07.2010

Digitalarkivet



Digitalarkivet

1801-telling for 0826 Tind

Amt	Prestegjeld				Sokn	Gard/hus	
181 Bratsberg	Tinn				Dal	Woldene	
Nytt hushald	Førenamn	Etternamn	Hushaldstill.	Alder	Sivilstand	Yrke	Kjenn
2134 *	Tov	Tostensen	Mand	60	Begge i 1ste ægteskab	Lodbruger gaarden	M 
2135	Liv	Torkelsdtr	Hans kone	30	Begge i 1ste ægteskab		K 
2136	Birgitte	Tovsdr	Deres barn	3			K 
2137	Tosten	Tovsen	Deres barn	1			M 
2138	Ole	Pedersen	Mand	80	I 2det ægteskab	Alle disse ere omværende betlere, der intet vist eller bestandigt opholdssted	M 
2139	Thora	Pedersdtr	Hans kone	38	I 1ste ægteskab	Alle disse ere omværende betlere, der intet vist eller bestandigt opholdssted	K 
2140	Peder	Olssen	Deres barn	10		Alle disse ere omværende betlere, der intet vist eller bestandigt opholdssted	M 
2141	Todne	Olstdr	Deres barn	5		Alle disse ere omværende betlere, der intet vist eller bestandigt opholdssted	K 
2142	Guri	Pedersdtr	Konens moder	78	Enke efter 1ste ægteskab	Alle disse ere omværende betlere, der intet vist eller bestandigt opholdssted	K 
2143	Gunild	Pedersdtr	Hendes datter	48	Ugift	Alle disse ere omværende betlere, der intet vist eller bestandigt opholdssted	K 

Digitalarkivet 2010. Rettar til databasen: Digitalarkivet. Versjon frå 14.01.2009.
Talet på oppslag: 0 (0 i dag)

WebCens © Jan Oldervoll
1998-2010





Teikning: Per Syrstad

Foto: Frå Vollane: Trond Taugbøl